

# Håelva Elveeigarlag

HANS TORGNY INDREBØ

På første bladet i styreprotokollen vert laget nemnt som "Håelvens Elveeierlag", og det låg føre eit forslag til lovar på bokmål, men det skulle ikkje gå lange tida før både namn på laget og lovane til laget var skrivne på nynorsk.

Første møtet vart halde "År 1950 den 9. desember", slik står det skrive. I første punktet i lovane vart det sterkt understreka at føremålet med Håelva elveeigarlag - Laget - først og fremst var å auka mengda av laks og aure i elva. Eit av dei første store tiltaka var å få bygt laksetrappa i Fotlandsfossen. Nå er den lakseførande delen av vassdraget monaleg utvida. Vidare har Laget arbeidd med bygging av lakseklekkeri og utsetting av yngel, som helst føregår i sidebekker til elva.


Dei 38 grunnleggjarane av Laget var opptekne av at styremedlemmane ikkje skulle vera personleg ansvarlege for økonomien i laget.

Det er årsmøtet som vel styremedlemmar. Styret konstituerer seg sjølv med å velja folk til dei ulike funksjonene. Lovane i organisasjonen er demokratiske, og er elles stort sett i samsvar med dei ein kjenner frå andre lag. Det vil seia at medlemskap i Laget i grove trekk er avgrensa til oppsitjarar til elva og elles andre med fiskerett. Av dette følgjer at det bare er folk frå

Time og Nærø - som kan veljast inn i styret. Frå først av skulle det vera tre medlemmar frå Nærø og to medlemmar frå Time, og det kan forklarast med at det gjekk laks bare til Fotlandsfossen fram til 1952 då laksetrappa vart bygt. Seinare er det tre personar frå Nærø og tre frå Time i styret, altså seks personar mot før fem.

Allereie i første styremøtet 25. januar 1951 er laksetrappa i Fotlandsfossen sak. 12. november s.å. ligg det på bordet brev frå Landbruksdepartementet som godkjenner at det vert bygt laksetrapp i Fotlandsfossen, slik tyder ein leser i dag det som er skrive i protokollen. Mykje kan tyda på at det var *saka* for Laget. Laget og styret må ha sovna. Det finst ikkje referat verken frå styret eller årsmøte på mange år.

Neste møte er bokført 22. oktober 1961. Det vart halde på Høyland bedehus i Nærø. I realiteten vart det eit nytt Håelva elveeigarlag, men med dei same lovane som det "gamle" Laget. Lovane har gjennom dei godt femti åra Laget har eksistert, vorte reviderte og presiserte. Ei av saken som vart endra i 1961, var talet på medlemmar som skulle vera med i styret frå Nærø og Time.



Mons P. Bjorland var formann i laget i mange år. Han står ved elvekanten saman med kona, Tone Bjorland.  
Foto: Geir Sveen.

I arbeidet med å auka mengda av laks og aure i elva, har utsetting av yngel vore prioritert, men og arbeidet med å gjera levekåra for yngel og fisk betre, har stått på dagsorden. I 1997 fekk ein lov til å fanga stamfisk ved å reka med garn. Det ga gode resultat med små skader på fanga fisk.

Tilsynet med elva syner til ei frisk elv med lite ureining trass i at ho renn gjennom eit intensivt drive jordbruksområde. Fisken i elva er stort sett heilt fri for sjukdom, bare sporadisk vert det fanga fisk som ikkje er frisk.

Styret arbeider aktivt med å stansa "ymse forureningsar av vassdraget", står det i årsmeldinga for 1963. Det går fram at det vart sleppt kloakk ut i Bøbekken. Styret er seinare sterkt oppteke av giftusleppa 13. og 17. juli med den følgja at det vart stor fiktedød begge gongene. Giftutsleppa skaka folk opp.

Dei siste åra har kobbebestanden teke seg opp. Kobben er ein fisketjuv. Det er lov til å skyta ti dyr årleg.

Det kom eit initiativ frå Hå kommune om å få til ein vassdragsplan for Håelva. Laget engasjerte seg sterkt med å finna folk til å gå inn i mange arbeidsgrupper som skulle ta seg av dei mange sidene ved Ånå. Planen skulle omfatta mellom anna vassföring, ureining, eldre og yngre kulturminne, "nåbn", om friluftsliv og arealutnytting og meir i same gata. Mykje og verdfullt arbeid vart gjort, den æra skal arbeidsgruppene ha.

Då kong Harald var ventande hit i 1996, kom det forslag om å gje Kongen frikort til fiske i hans levetid

i heile lengda av elva, men det vart ikkje motteke utan kritiske merknader.

I 1997 etterlyste styresmaktene ein driftsplan for Ånå. Lovverket kravde at det vart skrive ein driftsplan, men det er elveeigarane som avgjorde kva som skal stå i han. Det er gjort. Driftsplanen vil vera ei skriftleg kjelde til kunnskap om elva og folket som har budd langs vassdraget.

Lesarane vil sakna at det ikkje er kommentarar eller tilvisingar til hendingar i tidsrommet mellom 1965 – 1991, og det kjem ganske enkelt av at dei protokollane er sporlaust borte.

Det første styret som konstituerte seg i 1950 hadde følgjande samansetting:

Tarald Oma  
Henrik Haugland  
Peder Bjorland  
Elling T. Nærland  
Hans Njærheim

I dagens styre sit:  
Paul O. Undheim  
Ole Njærheim  
Trond Gudmestad  
Egil T. Nærland  
Kjellbjørn Nærland  
Herbjørn Haugland  
Eivind Prestegård  
Einar Vigre